



Jobbnorge-ID: 134286

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Senioringeniør/overingeniør (systemadministrator) ved Institutt for informatikk

Ved Institutt for informatikk (<http://www.uib.no/ii>) er det ledig ei fast stilling som senioringeniør/overingeniør.

Dersom det ikkje melder seg kvalifiserte søkjarar til stillinga som senioringeniør, kan det bli aktuelt å tilsetje i stilling som overingeniør. Krav til kvalifikasjonar og praksis vert då redusert.

Arbeidsoppgåver

Stillinga vil ha sitt hovudansvar innan vår Computational Biology Unit - CBU (www.cbu.uib.no). CBU utviklar, driftar og støttar e-infrastruktursystem for brukarar innan life science.

Stillinga krev røynsle frå systemutvikling i tillegg til systemadministrasjon, sidan instituttet ynskjer tett samvirke mellom utviklinga av e-infrastruktur-løysingar og drifta av desse. Stillinga vil derfor vere tett knytt til CBU servicegruppe og ha hovudansvar for drift av CBU serverar. Stillinga vil og ha tett samvirke med teknisk stab ved instituttet og ved universitetet si IT-avdeling.

Sentrale oppgåver vil vere knytt til e-infrastrukturkomponentane til ELIXIR Norway og relaterte infrastrukturprosjekt. Gjennom desse og andre prosjekt støttar CBU mange senter og forskingsprosjekt både i Bergen og andre stader med bioinformatikk-infrastruktur og annan ekspertise. Typiske sluttbrukar-prosjekt omhandlar store mengder, ofte sensitive, data, i samband med krevjande dataanalysar. Vår systemutviklingsprosess er rask og dynamisk og må tilpasse seg varierende krav i infrastrukturprosjekta.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Søkjarar må normalt ha utdanning på mastergradsnivå. Lang, relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning kan i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning.
- Søkjarar må ha dokumentert inngåande røynsle frå systemadministrasjon av Linux/Unix-system, inkludert storskala lagring, virtualisering av serverar og nettverk-administrasjon.
- Røynsle frå arbeid med jobb-skedulering og kø-system for meldingar (MQS) er ein føremon.
- Røynsle med programmering og frå arbeid i programvare/system utviklingsteam er sterkt ønskelege kvalifikasjonar. Kunnskap om forskingsdata innan livsvitenskap og bioinformatikk analyse er og ein føremon, men ikkje eit krav for stillinga.
- Stillinga krev gode evner til munnleg og skriftleg kommunikasjon. Gode engelsk-kunnskapar er naudsynte.
- Kandidaten må vere sjølvstendig og ha høg integritet.
- Det leggjast også vekt på ein systematisk personlegdom, og at ein kan arbeide pro-aktivt saman med resten av teamet.

Vi kan tilby:

- Spannande og varierte arbeidsoppgåver i eit internasjonalt miljø.
- Løn etter lønsssteg 58-66 (1181 Senioringeniør), alternativt 53-58 (1087 Overingeniør) etter kvalifikasjonar. For særskilt kvalifiserte søkjarar kan det vurderast høgare løn.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Søknadsfrist: 7. mars 2017

Generell informasjon

Ytterlegare opplysingar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiar, professor Petter Bjørstad, e-post: Petter.Bjorstad@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: